# MIDLER TIL TILTAK I VERNEOMRÅDER (KAP 1420 POST 31) - 2021

**Foretaksnavn** FYLKESMANNEN I VESTLAND

**Kontaktperson**
**Navn:** Alf Erik Røyrvik

**Utfyller**
**Navn:** Alf Erik Røyrvik

**Mottaker:** Miljødirektoratet

---

**SØKNAD** **REFERANSENR.:** 21S29691

---

## Tiltak

**Hvem søkes det på vegne av?** Nasjonalpark- eller verneområdestyre

| Oversikt over alle tiltak | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Pri. | Navn på tiltaket | Tiltakskategori | Tiltakstype | Verneområde | Øk. ansvarlig | Beløp |
| 1 | Bokprosjekt | Tilrettelegging og informasjon | Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet) | Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749) | Forvaltningsm. | 120 000 |
| 2 | Informasjonsskilt ved Strømsneskrysset | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av skilt og/eller infotavle | Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749) | Forvaltningsm. | 50 000 |
| 3 | Turskilt | Tilrettelegging og informasjon | Opparbeide sti/kanalisering | Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749) | Forvaltningsm. | 20 000 |
| 4 | Ny wire i Sælebotskora | Tilrettelegging og informasjon | Opparbeide sti/kanalisering | Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749) | Forvaltningsm. | 15 000 |
| 5 | Tilrettelegging i innfallsport Førdedalen | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av publikumsanlegg (utkikks-/fugletårn) | Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749) | Forvaltningsm. | 75 000 |
| 6 | Ny bru ved Skarvevatnet | Tilrettelegging og informasjon | Opparbeide sti/kanalisering | Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749) | Forvaltningsm. | 50 000 |
| 7 | Innfallsport Grøndalen | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av innfallsport/P-plass | Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749) | Forvaltningsm. | 100 000 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 8 | Utbetring av veg i Hope | Tilrettelegging og informasjon | Oppføring av innfallsport/P-plass | Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749) | Forvaltningsm. | 30 000 |
| 9 | Samlet pott | Pott for gjennomføring av prioriterte tiltak | | | Forvaltningsm. | 0 |
| | | | | | | **460 000** |

## Bokprosjekt

**Prioritet:** 1
**Navn på tiltaket:** Bokprosjekt
**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon
**Tiltakstype:** Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)
**Fylke:** Vestland
**Kommune:** Gloppen
**Verneområde:** Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749)
**Beskrivelse av tiltaket:**
Forfattar Arve Sandal har planer om å skrive ei praktbok får Ålfotbreen LVO og Naustdal-Gjengedal LVO. Han har vore i kontakt med Skald forlag som er interessert i å vere forleggar for boka. Arve Sandal har levert budsjett og finansieringsmodell kor verneområdestyra må vere med å bidra til finansieringa.
Sandal har tidlegare skrive fleire nettartiklar frå Ålfotbreen LVO (finansiert av tiltaksmidlar) som han vil bygge vidare på som vil vere ein del av boka.
Verneområdestyret stiller seg særs positive til tiltaket, og gjev det høgaste prioritering for tiltak i 2021. Ei slik bok er særs relevant for verneområdestyret sitt ønske, og dei strategiske vala som er gjort i besøksstrategien, som handlar om å gjere Ålfotbreen landskapsvernområde meir kjent.
Boka vil vere i tråd med eventuelle føringar i merkevarestrategien for Norges nasjonalparker.
Tiltaket vil gå over fleire år, men det er berre behov for midlar eitt år.
Ta gjerne kontakt om de vil ha meir informasjon om dette bokprosjektet.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:** Andre tilskuddsordninger: Naustdal-Gjengedal vo-styre vil og søke
**Beløp det søkes om:** Kr 120 000
**Videreføring av pågående prosjekt?** Nei
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Nei
**Er tiltaket flerårig?** Ja
**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Informasjonsskilt ved Strømsneskrysset

**Prioritet:** 2
**Navn på tiltaket:** Informasjonsskilt ved Strømsneskrysset
**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon
**Tiltakstype:** Oppføring av skilt og/eller infotavle
**Fylke:** Vestland
**Kommune:** Kinn
**Verneområde:** Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749)
**Beskrivelse av tiltaket:**

Verneområdestyret ønskjer å sette opp stort informasjonsskilt (cortenstål) med plakat på den nye busshaldeplassen ved Strømsneskrysset (fylkesveg).
Her startar Fv. 5698 som går inn til Grøndalen. Grøndalen er ein av innfallsportane til Ålfotbreen LVO, og er blant dei som er prioritert i besøksstrategien.
Vi har sett opp informasjonsskilt tidlegare. Vi har det grafiske innhaldet til plakaten klart, og vi har erfaring både med produksjon og oppsetting av informasjonsskilt i cortensstål.
Tiltaket er i tråd med strategiske satsingar i besøksstrategien kor man ønskjer å sette opp informasjonsskilt på strategiske knutepunkt i alle kommunar.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:**
**Beløp det søkes om:** Kr 50 000
**Videreføring av pågående prosjekt?** Nei
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Ja
**Er tiltaket flerårig?** Nei
**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Turskilt

**Prioritet:** 3
**Navn på tiltaket:** Turskilt
**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon
**Tiltakstype:** Opparbeide sti/kanalisering
**Fylke:** Vestland
**Kommune:** Gloppen
**Verneområde:** Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749)
**Beskrivelse av tiltaket:**
Vi har fleire merka og skilta ruter i og rundt verneområdet. Her er det eit jamnleg behov for å bytte ut gamle, slitte, øydelagte og utdaterte turskilt. I besøksstrategien er det slått fast at kvaliteten på skilt, merking og anna infrastruktur knytt til dei merka rutene og innfallsportane skal vere god og standardisert. Vi jobbar derfor jamleg med dette, i samarbeid med lokalt SNO og turlaga.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:**
**Beløp det søkes om:** Kr 20 000
**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Ja
**Er tiltaket flerårig?** Ja
**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Ny wire i Sælebotskora

**Prioritet:** 4
**Navn på tiltaket:** Ny wire i Sælebotskora
**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon
**Tiltakstype:** Opparbeide sti/kanalisering
**Fylke:** Vestland
**Kommune:** Gloppen
**Verneområde:** Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749)
**Beskrivelse av tiltaket:**
Vi merka og skilta ruta frå Mettenes i 2020, og vi fekk og bytta ut ein gammal wire som er sett opp i oppgangen til Sælebotskora. Denne ruta går vidare i retning Gullsmedhytta og Skjerdingane. Særleg Skjeringane er eit populært og spektakulært turmål som både turlag og private brukar.

Vi vurderer det slik at her er behov for å montere om lag 20 m med meir wire for å få ein trygg og god inngang til Sælebotskora.
Tiltaket er i samarbeid med grunneigar og turlag, og grunneigar vil ha ansvar for tilsyn og vedlikehald.
Sjølve Sælebotskora ligg utanfor verneområdet.
Det er behov for midlar til innkjøp av sjølve wire'n, og til transport opp med helikopter.
Tiltaket er i tråd med strategisk grep i besøksstrategien om å utvikle Mettenes som innfallsport.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:**
**Beløp det søkes om:** Kr 15 000
**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Nei
**Er tiltaket flerårig?** Nei
**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Tilrettelegging i innfallsport Førdedalen

**Prioritet:** 5
**Navn på tiltaket:** Tilrettelegging i innfallsport Førdedalen
**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon
**Tiltakstype:** Oppføring av publikumsanlegg (utkikks-/fugletårn)
**Fylke:** Vestland
**Kommune:** Bremanger
**Verneområde:** Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749)
**Beskrivelse av tiltaket:**
Vi har i fleire år jobba med å få til tilrettelegging av ein lågterskel innfallsport i Førdedalen. Her er det lett å kome til, eit fascinerande landskap som er typisk for Ålfotbreen og geologien/landskapsformene der, og det er innfallsport for lengre turar inn i landskapsvernområdet. I samarbeid med Førde grunneigarlag ønskjer vi å lage til ein plass kor familiar, ungdom, skuleklassar o.l. kan opphalde seg og drive med lågterskel friluftsliv. Her er tilgang på fiskevatn kor det dessutan er fint å drive med båt/kano/kajakk.
Vi tenkjer å sette opp ein gapahuk, lage til bålplass/rasteplass, sette opp utedo.
Gapahuk (som byggesett) er kjøpt inn i 2020. I 2021 søkjer vi om midlar til å lage til sjølve plassen, montere gapahuken og til å sette opp ein utedo. Det vil vere grunneigarlaget som eig "anlegget" og vil ha ansvar for drift og vedlikehald.
Tiltaket er forankra i Besøksstrategi for Ålfotbreen og i tiltaksplanen til Ålfotbreen verneområdestyre som er eit vedlegg til forvaltningsplan. Alle inngrep og installasjonar ligg utanfor sjølve verneområdet.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:**
**Beløp det søkes om:** Kr 75 000
**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Ja
**Er tiltaket flerårig?** Ja
**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Ny bru ved Skarvevatnet

**Prioritet:** 6
**Navn på tiltaket:** Ny bru ved Skarvevatnet
**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon
**Tiltakstype:** Opparbeide sti/kanalisering
**Fylke:** Vestland

**Kommune:** Gloppen
**Verneområde:** Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749)
**Beskrivelse av tiltaket:**
Det er behov for å sette opp ny bru ved Skarvevatnet, etter at den gamle brua vart teken av elva. Her må ein krysse elva ved utløpet av Skarvevatnet om ein skal gå frå Mettenes eller Gullsmedhytta og i retning Gjegnen. Vi var på synfaring i 2020, og vi har kjøpt inn ny bru. Den skal vere høgare, lengre og ein annan konstruksjon enn den som var der tidlegare, slik at risikoen for at elva tek den skal vere vesentleg mindre.
Sjølve brua er allereie kjøpt inn, men vi treng midlar til transport opp og til sjølve monteringa.
Skarvevatnet ligg rett på utsida av sjølve verneområdet.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:**
**Beløp det søkes om:** Kr 50 000
**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Nei
**Er tiltaket flerårig?** Nei
**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Innfallsport Grøndalen

**Prioritet:** 7
**Navn på tiltaket:** Innfallsport Grøndalen
**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon
**Tiltakstype:** Oppføring av innfallsport/P-plass
**Fylke:** Vestland
**Kommune:** Kinn
**Verneområde:** Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749)
**Beskrivelse av tiltaket:**
I besøksstrategien for Ålfotbreen er Grøndalen peika på som ein av innfallsportane som skal utviklast og satsast på. Her startar den merka ruta som går til Blåbrebu og vidare derifrå til andre turmål.
Vi har ikkje fått gjort nemneverdige tiltak i Grøndalen enno, sidan fokuset til no har lege på Hope og Førdedalen.
Per i dag er her ein enkel parkeringsplass og eit enkelt informasjonsskilt i Grøndalen. Skiltet er på gammal ramme, men har fått ny plakat i 2020.
Grunnigar i området har spelt inn at denne plassen kan utbetrast noko, med mellom anna fest grill eller grue slik at besøksande kan raste og grille her utan å bruke eingongsgrill.
Vi ser for oss å gruse opp parkeringsplassen, sette opp rastebord, og lage til ein fast grill eller bålplass.
Tiltaket er forankra i strategiske grep i besøksstrategien.

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:**
**Beløp det søkes om:** Kr 100 000
**Videreføring av pågående prosjekt?** Nei
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Nei
**Er tiltaket flerårig?** Nei
**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Utbetring av veg i Hope

**Prioritet:** 8
**Navn på tiltaket:** Utbetring av veg i Hope
**Tiltakskategori:** Tilrettelegging og informasjon
**Tiltakstype:** Oppføring av innfallsport/P-plass

**Fylke:** Vestland
**Kommune:** Gloppen
**Verneområde:** Ålfotbreen landskapsvernområde (VV00002749)
**Beskrivelse av tiltaket:**
Hope er innfallsport nr.1 til Ålfotbreen landskapsvernområde i følgje besøksstrategien. Her er det lagt mykje midlar i tilrettelegging og kanalisering i åra etter at området vart verna. På Nakkane vart det laga ein parkeringsplass med midlar som kom i samband med vernet, for å gje eit godt tilbod om parkering for ålmenta som ikkje er "i vegen" for dei lokale grunneigarane sin bruk av området og vegane her. Denne parkeringsplassen er no det naturlege startpunktet for turar til Lavesteinen, Gjengnabu og Gjegnen.
Grusvegen opp dit er stort sett bra, men i ein litt bratt bakke har ein del grus blitt vaska vekk. Dette gjer til at turfolk med litt små eller låge bilar ikkje får nytta den øverste parkeringsplassen på Nakkane.
Her er det snakk om å få nokre lass med veggrus på dette eine partiet.
Tiltaket er forankra i besøksstrategi og i tiltaksplanen til verneområdestyret (som er eit vedlegg til forvaltningsplanen).

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:**
**Beløp det søkes om:** Kr 30 000
**Videreføring av pågående prosjekt?** Ja
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?** Ja
**Er tiltaket flerårig?** Nei
**Har dere en besøksstrategi for verneområdet (i produksjon eller ferdig)?** Ja

## Samlet pott

**Prioritet:** 9
**Navn på tiltaket:** Samlet pott
**Tiltakskategori:** Pott for gjennomføring av prioriterte tiltak
**Tiltakstype:**
**Fylke:**
**Kommune:**
**Verneområde:**
**Beskrivelse av tiltaket:**
pott

**Økonomisk ansvarlig:** Forvaltningsmyndighet
**Andre tilskuddsordninger:**
**Beløp det søkes om:** Kr 0
**Videreføring av pågående prosjekt?**
**Har tiltaket forankring i skjøtelses- eller forvaltningsplan?**
**Er tiltaket flerårig?**

## Vedlegg

- Besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde.pdf (Annet)
- IMG_1217.JPG (Bilde)
- IMG_1212.JPG (Bilde)
- Sælebotskora.jpg (Bilde)
- IMG_1552.JPG (Bilde)
- Innfallsport Grøndalen.pdf (Bilde)
- Tiltaksplan Ålfotbreen LVO 2019-2021.pdf (Annet)

**Alf Erik Røyrvik** for **FYLKESMANNEN I VESTLAND**

Levert 09.12.2020